STILLINGSOMTALE

PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS I ODONTOLOGI (Pedodonti).

Det er ledig ei stilling som professor/førsteamanuensis i pedodonti, Institutt for klinisk odontologi, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Det medisinsk-odontologiske fakultet ved Universitetet i Bergen har åtte institutt. Ved Institutt for klinisk odontologi er hovudoppgåvene forsking, forskarutdanning, formidling og utdanning av tannlegar og tannpleiarar, samt spesialist-/spesialutdanning i kliniske odontologiske fag. Instituttet har eit nært samarbeid med Odontologisk Klinikk.

Institutt for klinisk odontologi har ca. 55 årsverk fordelt på 25 personar i vitskapelege stillingar, omlag 15 stipendiatar og 15 i teknisk/administrative stillingar. Instituttet har hovudbase i Årstadveien 17, men delar av verksemda er lokalisert til Overlege Danielsens hus i Årstadveien 21.

Den som blir tilsett vil få undervisningsoppgåver i faget pedodonti i samsvar med gjeldande studieplanar. Undervisninga femner om grunnutdanning for tannlege- og tannpleiarstudentar, og etter- og spesialist-utdanning av tannlegar. Seksjonen driv og har det faglege ansvaret for eit 3-årig program som kvalifiserar til spesialistgodkjenning i pedodonti.

Endringar i studieplanen for grunnutdanninga har medført oppmjuking av grensene mellom tradisjonelle fagområde og endringar i undervisningsoppgåver. Dette vil også kunne føre til endringar av oppgåver for den einskilde vitskapelege tilsette. Samarbeid med andre seksjonar er prioritert.

Forskingsaktiviteten ved instituttet er organisert i større prosjekt. Disse tematiske satsingsområda omfattar styrt vevsbygging, biomaterialar, og pasientnær og samfunnsrettet klinisk odontologisk forskning. Eit Senter for klinisk odontologisk forsking er etablert, mellom anna som eit knutepunkt for koordinering.

Kvalifikasjonskrav

For å verte tilsett som professor/førsteamanuensis må ein ha norsk doktorgrad eller tilsvarande kvalifikasjonar, og vere godkjend spesialist i pedodonti eller ha tilsvarande kvalifikasjonar. Det vert vidare kravd dokumentert vitskapeleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitskapelege stillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet. Søkjarar må kunne dokumentere omfattande klinisk røynsle og klinisk og teoretisk undervisning. I tillegg vil administrativ røynsle, leiareigenskapar og evne til samarbeid bli vektlagt.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk, og den som vert tilsatt må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk. Den som vert tilsatt må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsettinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjinga.

Ansvarsområde og arbeidsplikter

Den som vert tilsett har plikt til å utføre forsking, teoretisk og klinisk undervisning, vegleiing, eksamensarbeid og administrative oppgåver etter gjeldande retningsliner.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor normal arbeidsplikt og fagleg kompetanse kan den som vert tilsett også bli pålagt undervisning, vegleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetsstyret understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetting i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og –nivå
- oversikt over mastergrads- og doktorgradsrettleiing, og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Det kan verte aktuelt å kalle inn dei best kvalifiserte søkjarane til intervju og eventuelt prøveforelesing.